



**Det møtte over 20 då skigruppa si familietrening starta att i Aktivitetshuset måndag kveld - under leiing av Cathrine Haugland (biletet).No er ho spent på om det vil koma like mange når ho og Steinar onsdag kveld startar det dei kallar allidrett.Den skal gå føre seg frå klokka 19 til 20 på onsdagane framover og er for dei mellom 10 og 15 år..**

Eit svært bredt spekter av idrettar går dette tilbodet ut på, Det er sjølvsagt ballspel i alle variantar men også klatring, orientering, basistrening, hinderløypa, enkelt friluftsliv, dans/trening til musikk, turn og friidrett. Og det stoppar ikkje der - kanskje blir det også kveldskøyring i Fjellhaugen.

Det er viktig at så mange som mogeleg møter onsdag - av omsyn til planleggjinga. Ungdommane vil sjølve få vera med og bestemma innhaldet i treninga og laga ein halvårsplan - etter ei økt med innebandy.

(Foto: Ola Matti Mathisen)